

Uskedalen Utvikling – Organisasjonskart

Gamleskulen

Styret

uskedalen.no

- **Dagleg driftsansvar**
 - **Kafe Tiaren**
- **Uteplassen/ Informasjonstavla**
 - **Overordna økonomistyring**
- **Høyringspart i offentlege saker/planar**
- **Pådrivar i K. planarbeid/ stadanalyse**
 - **Medlemsskap**
 - **Sponsorar**

Arbeidsgrupper

<p>Dialogforum <i>Faste møte der ein melder inn saker. Drøfting og vedtak om saksgang fram til ei løysing</i></p>	<p>Arbeidsgruppe for kultur, turisme og profilering</p>
<p>Mål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Vi vil vidareutvikla drøftingsforumet for å fremja positive haldningar, samarbeid og samhandling for god bygdeutvikling i Uskedalen</i> • <i>Vi vil ha eit nært og godt samarbeid med politisk- og administrativt nivå i kommunen for å få løyst saker på ein føremålsteneleg måte</i> • <i>Vil vil søkja kontakt med verksemder, organisasjonar, bygdelag og ressurspersonar for å bli tilført kunnskap og kompetanse.</i> 	<p>Mål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Vi vil utvikla Uskedalen til eit besøksmål til Folgefonna Nasjonalpark og på den måten vera med og skapa interesse for natur- og kulturfaglege verdiar</i> • <i>Vi vil arbeida for å utvikla Uskedalen som ei berekraftig turistbygd der gjester og tilreisande trivst og føler seg velkomne</i> • <i>Vi vil synleggjera aktivitetar og attraksjonar og gjera vårt til at kunnskap og opplevingar vert formidla til fastbuande til tilreisande</i>
<p>Arbeidsoppgåver:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Busetnad • Næring • Oppvekst • Trafikksikring <p>Sentrumstiltak</p>	<p>Arbeidsoppgåver:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Guida turar • Produkt og næring – opplevingspakkar • Marknadsføring <p>Aktiv bruk av nettsida uskedalen.no</p>

Å ordna organisasjonen og gjera den meir effektiv er første prioritet for den nye leiinga i Uskedalen Utvikling.

Den nye leiar Kristian Bringedal har allereie klårt eit organisasjonskart (se over og klikk på sida) som vil bli drøfta på det første av fellesmøta. Dei skal haldast ein gong i månaden. Her er første møtedatoen 7. mars.

Styret skal alltid ha møte i for- eller etterkant av desse opne temamøta

Det går fram av organisasjonskartet at Gamleskulen og uskedalen.no skal liggja direkte under styret, som mellom anna skal ha ansvar for Cafe Tlaren, Uteplassen/infotavla og vera høringspart i offentlege saker og planar. Styret skal vera pådrivar i kommunalt planarbeid og jobba for framdrift med stadsanalysen.

Styret skal også ta seg av overordna økonomistyring

Det blir framleis 2 arbeidsgrupper som får ansvar for å ta opp viktige saker. Dei som har vore med her til no må melda frå om dei vil halda fram eller om dei vil slutta.

Den eine arbeidsgruppa er Dislogforum som er ansvarleg for å ta opp saker og drøfte dei fram til ei løysing. Sentrale stikkord er her busetnad, næring, oppvekst, trafikksikring og sentrumstiltak

Den andre arbeidsgruppa er for kultur, turisme og profilering. Den går mellom anna inn for vidare utvikling av bygda til eit besøksmål til Folgefonna Nasjonalpark og utvikla Uskedalen til ei berekraftig turistbygd.

Her er det viktig med synleggjering av aktivitetar og attraksjonar. Guida turar, marknadsføring og aktiv bruk av uskedalen.no er nokre av arbeidsoppgåvene.

Av Ola Matti Mathisen